

STEENBERGS PRIS OG KARL SEGLEMS TALE

Søndag 10. desember 2017 mottok Synne Skouen Liv Hazel og Odd Kristian Steenbergs Pris, på 50 000 kroner, ved Kunstnerforeningens juleball. Prisen ble overrakt av Karl Seglem, og slik ordla han seg:

Det er særskild gledeleg for meg, på vegne av Kunstnerforeningens styre, å presentere årets mottakar av Steenbergprisen, kanskje fordi eg har veldig stor respekt og sans for kunstnarar med integritet. Kunstnarar som vågar å seia og skriva det som det er, utan snobbete jåleri og snev av narsissisme, og mest av alt fordi prismottakaran har gjort svært mykje for norsk musikkliv på fleire ulike felt, ikkje berre som komponist.

Med stor integritet har denne kunstnaren utøvd sitt kunstnarskap frå midten av 1970-talet då diplomeksamen ved NMH i Oslo vart fullført. Vedkommande har skrive små kammerverk, større orkesterverk, musikkdramatiske verk for ulike ensemble og også ein del for film og tv, samarbeida med forfattarar, koreografar og filmskaparar.

Prismottakaren er skrivefør og har, tykkjer eg personleg, alltid skrive godt, poengtert og med eit eige blick (igjen integritet), om norsk musikk, og vore ei viktig kunstnarpolitisk stemme. Slike stemmer treng vi meir enn nokon gang. Eit svært viktig musikktdskrift som i dag lever i beste velgåande på nettet, vart starta av prismottakaren som då uttalte – sitat: "Vi ønsker å artikulere et korrektiv til den tilsynelatende ro og orden som preger programbladene i det etablerte kulturliv". Dette i det herrens år 1977.

Vidare har vedkommande vore sjef. Skikkeleg sjef altså, i ei velkjent statleg bedrift med stort kultur-musikkansvar og nedslagsfelt. Ho vart den første valgte kvinnelege leiaren i ei til då svært mannsdominert forening. Og ho leia denne foreninga, NKF, frå 2002-2006. Delar av hennar lydproduksjon er tilgjengeleg på cd-utgjevingar utgjeve i tidspennet frå 1984 til 2016. På Norsk Musikforlag fins partitur og notar, og på nettet finst lyd og levande bilder med litt av prismottakarens mangeårige arbeid.

I 13-14 års alderen nekta vedkommande å gjera som faren sa, og slutta som filmskodespelar. Det skal vi vera glade for. Kunstnarforeningen håpar prisen kan vera til inspirasjon for å skapa nytt, med integritet. Og slutt for all del ikkje med å køyra litt taxi, då for å fanga opp nokre av dei mange ulike lydane og stemmene frå og i byen Oslo. Det er ein stor glede og ære å dela ut Steenbergprisen 2017 til komponist og skribent Synne Skouen.

